



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 9/2010

Møtedato: 3.2.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 351.47

Søknad om jakthundtrening

Norsk Engelsksetter Klubb v/distriktskontakt Herdis Unneland søker med dette om løyve til vinter trenings for fuglehundar i statsallmenningen ein dag i helga den 20-21. februar. I søknad frå 2009 var det ønske om rimeleg eller gratis leige sidan dette er eit gratis tilbod om instruksjon til fuglejegerane.

I følgje hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har en allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

1. Dato: 20. eller 21. februar 2009.
2. Areal: Vestre Slidre statsallmenning.
3. Slepp: Maksimalt 2 hundar lause på same tid.
4. Retur: Deltakarane skal følgje partiet under instruksjonen. Det tillate at ei gruppe kan forlate partiet dersom ein representant frå klubben følgjer dei tilbake til parkeringsplassen. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
5. Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret først måndag etter prøva.
6. Pris: Gratis når det er eit gratistilbod, kr 70 om det er betaling for å delta på treninga
7. Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktpøva etter gjeldande lovverk.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 5.2.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Norsk Engelsksetter Klubb v/distriktskontakt Herdis Unneland